


## STRAUME – EIT KULTURHISTORISK LANDSKAPSMUSEUM

Straumen har vore sjølve grunnlaget for busetnad, næringsliv og samferdsle frå dei eldste tidene. For meir enn 6000 år sidan kom fangstfolka – laksefiskarane og hjortejegerane – og fann seg livd under SKIPSHELLEREN.

Gardane her ligg på store terrassar av aur og sand etter istida, bygde opp av den sterke straumen der Bolstadfjorden er på det smalaste. Sanden har gjeve inntekt og arbeidsplassar; ei næringsdrift som har sett sitt stempel i landskapet. Dei høge giljene fortel om ei anna inntektskjelde: laksefisket.

Bolstadfjorden var ferdslæra for Vossebygdene lenge før vegane og bruene si tid. Heller ikkje sjøvegen var fri for farar, og DRAGEBRYGGJA vart bygd for å meistra dei sterke naturkreftene i straumen.

Landskapsmuseet – eit «økomuseum» – syner korleis naturkrefter og naturressursar har vore grunnleggjande for liv og busetnad gjennom mange tusen år. KALLESTADBUA, STAVNAUSTA og SKULEMUSEET gjev eit nærbilete av daglegliv og byggjeskikk i seinare hundreår.



Like etter 1900 stod sitjenøtene tett kring heile Osterøyi og oppi straumane. Det var eit aktivt folkeliv med oppkjøparar og oppsynsmenn. Bilete frå Ståmnes.

### LAKSEGILJENE OG SITJENOTA

**Laks og aure bar i uminnelege tider vore fanga med ulike reiskapar i fjorden og straumane her. Funn i steinalderbuplassen ved Skipsbelleren fortel at laks truleg vart fanga med onglar. Garn, teiner og ruser har vore nytta i elvane like fram mot vår tid. I fjordane vart garnbruken kring 1500 utvikla til eit «laksevarp» og vidare til det vi i dag kjenner som sitjenot.**

Sitjenøtene og dei høge laksegiljene ved fjorden er ein fangstteknikk som har utvikla seg i fisket etter sjølaks i fjordbygdene på Vestlandet. Sitjenota – ein garnpose som er open i den eine enden – står i sjøen rett under gilja, med eit ledegarn inn til posen. For at sitjenota skal stå støtt i straumen, er ho festa med strenger til lands og med steinar til botnen. Laksefiskarane sit i ei lita hytte på toppen av gilja, høgt over fjorden. Når dei ser at laksen er komen inn i nota, stengjer dei notposen med eit «drag». På Straumshovet er det lett å stå frampå haugen og sjå når laksen går

oppover straumen. Tidlegare var det berre ein enkel benk å sitja på. Den første gilja vart reist på slutten av 1800-talet.

Laksefisket fekk eit kraftig oppsving utover frå 1870, då marknadsverdien på laks og aure auka. Dette skapte stort press på ressursane, som førte til lovfesta innskrenkingar av fisketida og regulering av reiskapsbruk. Laksefisket gav gode inntekter til grunneigarane. Det var eit interessant fiske, med relativt små investeringar. Til gjengjeld var det stor spaning knytt til fisket og von om «det store draget», med nota full av sølvblenkjande laks. □



### STAVNAUSTA PÅ STRAUME

På auststida av straumen ligg fire naust som truleg er bygde tidleg på 1800-talet. Nausta er bygde i grindverkskonstruksjon, ein byggjeteknikk som går attende til forhistorisk tid. Stavane og den tversgåande beten utgjer ei grind, dei langsgåande stavleiene ber takkonstruksjonane. Dei opne veggene utan kledning er særmerkte for dei indre fjordstrøka. Stavnausta kan vera kledde med liggjande eller ståande bordkledning. I stavnausta på Staume vart «byveden» lagra for han vart frakta til Bergen med ostraskutene.

